



Meland kommune er nabokommune til Bergen, med reisetid frå Bergen sentrum til kommunenesenteret Frekhaug på under ein halv time. Kommunen er i sterk vekst, med eit innbyggjartal på vel 7800.

# Miljøterapeutar i psykisk helse- og rusteneste - 260% faste stillingar

## Stillingsinformasjon

På avdeling for psykisk helse- og rusarbeid er det ledig 2,6 årsverk innan miljøterapi /burettleiing.

Oppgåvene er i hovudsak retta mot personer med langvarige og samansette behov.

Avdeling for psykisk helse og rus inngår i tenesteområdet Helse sitt tverrfaglege tilbod, og yter tenester mot ei brei målgruppe kva gjeld alder, diognosar og livsutfordringar.

Våre mål er å bidra til å fremje sjølvstende, tilhøyring og styrkt evne til å meistre eige liv for menneske med redusert psykisk helse og/eller rusproblem. I dette ligg m.a. styrking av oppfølging i eigen bustad, og tilretteleggje for meiningsfull aktivitet.

Avdelinga har sine kontor på Meland rådhus, Frekhaug.

## Arbeidsoppgåver

Arbeidet omfattar direkte tenesteyting til personar med psykiske vanskar og/ eller rus som treng koordinert tenesteyting innan miljøterapi og buoppfølgjing.

Vi ønskjer å tenke nyskapande i høve til tenestetilbodet til denne gruppa, med mål om god helse, meistring og ein verdig livssituasjon for brukarane våre.

## Kvalifikasjonskrav

Vi søker etter deg som trives i eit aktivt miljø og liker faglege utfordringar.

Det er krav om 3-årig helse- og/eller sosialfagleg høgskuleutdanning med relevant vidareutdanning.

Vi har behov for sjukepleiar, sosionom / vernepleiar. Det er også behov for kompetanse innan familieterapi.

Det vert lagt vekt på erfaring, personlege eigenskapar og evne til samarbeid. Relevant praksis innan psykisk helsearbeid vert vektlagt.

Den som vert tilsett må ha god skriftleg og munnleg framstillingsevne.

Det er krav om førarkort klasse B og ein bør disponere eigen bil.

Det må pårekna arbeid på ettermiddag/kveld 1-2 dagar per veke.

## Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

## Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrar i stillinga.

## Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 29.05.2016

Utlýst dato 10.05.2016

Vårref

552/16

## Kontaktperson

Petter Lingjerde, Leiar i psykisk helseteneste, tlf: 56171000, mobil: 994 97 605, petter.lingjerde@meland.kommune.no

Tord Molsumyr, Helsesjef, tlf: 56171120, tord.molsumyr@meland.kommune.no